

Sak 25-19 Resultat mot budsjett 2 tertial.

Tilråding til vedtak:

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Saksutgreiing, samandrag.

Eg legg med dette fram samla rekneskap for 2019 for 2 tertial. Resultatet syner eit overskot på kr 613' mot eit budsjett på kr 21'

Vi har avslutta rekneskapet pr. 10 september for å kunne få fram denne rapporten. Det er eigentleg litt tidleg, så der kan vere kostnader knytt til andre tærtial som enno ikkje er innkomne. Vi trur likevel ikkje at det er tale om så store beløp at det vil endre resultatet monaleg
I vedlegget har eg tatt med avvik resultat mot budsjett pr. hovedpost og resultatet for 2018 slik at de får sjå utviklinga frå førre år.

Om hovedpostane

Samandraget syner at inntektene er om lag ein million betre enn budsjettet. Gebyrinntekter renovasjon står ilag med meirinntekter frå kontantsal for brorparten av dette, noko som peikar på auke i folketalet.

Slik eg varsla ved rapportering første tærtial, jamnar no slam inntekter seg meir ut, og vil så langt eg kan sjå, vere på budsjett ved årsskiftet.

På kostnadssida slår løn positivt ut, på grunn av sjukepengerefusjon. Lægre pensjonspremie vi har fått krav på så langt, gir og positivt bidrag.

Innan avskrivingar slår manglande utskifting av bil ut positivt med eit bidrag på kr 400'. På motsett side drar auka kostnader med vedlikehald av gamle bilar opp kostnadene med kr 170' utover budsjett.

Annan driftskostnad gjeld fleire postar. Slaminnsamling med mindreforbruk. Kjøp av sekkar til matavfallinnsamling gir overforbruk. Og utskifting av fleire behaldarar enn planlagt gir overforbruk.

Omlegginga kring Hornindal gir lisens- og auka overførings kostnader slik styret gjorde vedtak om på førre møte.

Meir farleg avfall gir auka kostnader (120'). Plastsorteringa ute hos abonnementane aukar, og det gjer og kjøp av leigepressing av plasten. (190') Det største avviket kjem frå levering av matavfall. (1253')

Det meste av offentlege kjøp planlagte i 2019, er gjennomførte i første to tærtial og der er vi innafor budsjett.

På finans området slår låneopptak ut. (400') Aksjeutbytte frå RSS vert utbetalt i tredje tærtial.

Vi lagar ein presentasjon til styremøtet der vi går grundigare inn i talmaterialet.

Petter Bjørndal
Dagleg leiar

Vedlegg: Resultat pr 30 august 2019

	Resultat	Budsjett	Resultat
Resultatrekneskap	30.08.19	30.08.19	30.08.18
Driftsinntekter			
Salsinntekter	22 288 757,63	21 331 358,73	19 425 875,00
Annan driftsinntekt	24 780,00	-	46 220,00
Fra fond hushaldning og slam			
Sum inntekter	22 313 537,63	21 331 358,73	19 472 095,00
Driftskostnader			
Varekostnad	-59 605,89	-	-54 874,00
Lønskostnad	-7 086 724,96	-7 882 360,31	-7 199 509,00
Avskrivning	-2 416 477,40	-2 796 002,40	-2 390 663,00
Annan driftskostnad	-11 543 759,07	-10 517 394,72	-11 745 284,24
Sum driftskostnader	-21 106 567,32	-21 195 757,42	-21 390 330,24
Driftsresultat	1 206 970,31	135 601,31	-1 918 235,24
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt	40 009,00	70 000,00	18 636,00
Annan finansinntekt	17 027,74	63 333,33	967 328,00
Annen rentekostnad	-649 047,00	-247 827,27	-273 604,00
Annen finanskostnad	-1 267,90	-	
Netto finanspostar	-593 278,16	-114 493,94	712 360,00
Ordinært resultat før skattekostnad			
Skattekostnad			
Årsresultat	613 692,15	21 107,37	-1 205 875,24
Som er brukt til:			
Overført fond etterdrift tiltak av deponi			
Overført fond slambehandling			
Overført fond hushaldning			
Overført annen egenkapital			
Sum disponeringer	0	0	-